

1: Innleiing. Kvedet er lagt i munnen på ei volve 'spåkone', og namnet tyder bokstavleg 'volvespådomen'. Der det står "hun" i kvedet, er det truleg volva som er meint. Ho har ordet frå fyrste linja, og ho vender seg særleg til Valfader = Odin. "Rammeforteljinga" er at volva seier fram kvedet for eit publikum. Men publikummet varierer uklårt mellom alle mytologiske ætter (str. 1) og berre Odin. Innslag av "rammeforteljinga" utgjennom kvedet er det når vi får veta kva volva gjer og når ho vender seg direkte til publikum og seier "vet dere nok, eller hva?" Volva ser både fortid og framtid og situasjonen i notida (str. 27-30).

2-3. Opphavstida, før gudane kjem "på banen".

4-7 Gudane skaper og ordnar universet og bygger seg bustader. Paradistilstand halve strofe 8.

8 Problem kjem i form av tre trollsterke tussemøyar.

9-18 Rådgjerd: Gudane skaper dvergane og menneska.

19-20 Om verdstreet og lagnadsgudinnene ved brunnen under det. Funksjon i kvedet?

21-26 Den fyrste krigen, æsene drept problemkvinne; så krig mot vanene (anna gudeætt enn æsene), [rådgjerd: få bygd forsvarsmur], lovar Ods møy = Frøya [og sola og månen] i løn [til byggmeisteren, som er jotun, altså fiende], Tor bryt avtalen på vegner av æsene og slår byggmeisteren i hel. Altså spiral, æsene steller seg verre og verre.

Fram hit **fortid**.

27-30 Volva ser problem i den mytiske **notida**: Gudane har gjevi frå seg livsviktige ting.

Innslag av rammeforteljing: Odin oppsøker volva for å få framtidskunnskap.

30-35 Volva ser problem i **framtida**: Valkyrjer [er knytte til krig], Balder blir drepen med misteltein. Han blir hemnt, men det hjelper ikkje. Loke, som stod bak, blir bunden, men det er illevarslande ("vet dere nok, eller hva?").

36-39 Utrivelege stader og dødsrike, utriveleg lagnad i vente.

40-41 Gyger (trollkjerring) skal fø ulvar, éin av dei skal gløype sola og øydeleggja klimaet.

42-43 Meir ulukkesvarsel. Uklårt.

44-52 Ragnarok ['endelykta til rådsmaktene'] tek til.

44 Fenresulven slit seg.

45 Sleksband slitnar, alle slåst mot alle

46 Uklårt. Heimdall (ein av æsene) bles i hornet – for å samle æsene? Odin spør eit orakelhovud om råd.

47 Verdstreet skjelv, men står enno.

49 På nytt: Fenresulven (her kalla Garm) slit seg.

50 Ein jotun kjem. Midgardsormen vrid seg og piskar opp havet. Skipet Naglfar [laga av neglene til avlidne] slit seg.

51 Jotnane kjem seglande i lag med Loke, og Fenresulven kjem òg.

48 Det brakar i fjella, dvergane plagast.

52 Jotunen Surt kjem [og set verda i brann?], fjella raser i hop, himmelen klovnar.

53-56 Ragnarokslaget

53 Odin går for å slåst mot ulven, Frøy mot Surt; Odin kjem til å falle.

54 Enda ein gong: Fenresulven slit seg.

55 Vidar drept ulven.

56 Tor slåst mot Midgardsormen og dør. Heile verda blir lagd øyde.

57 Slutten: Sola svartnar, jorda sig i hav, stjernene kerv, eld til himmels. – 58: som 54.

59-64 Ny verd, ny paradistilstand, mykje gjentaking av str. 4-8.

65 Overgud kjem. Kven? Heimdall? Kristus?

66 Varsel om ny ulukke? ("Nå synker hun etter" kan vise til volva, no ferdig med kvedet.)